Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Suldal

Emne: | Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Veka | Gard:

(adresse): Bråtveit, Suldal | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

namn

1) Ein tala om vete, jonsokke-vete. Dei brende jonsokke-vete. Me har og stadnamn i samband med det. Såleis Veteklei(v)ane og Veting (støl)

Dei brende berre jonsokvete. Her i Suldal veit ein lyte olsok-bål o.l. Men i sume bygder her i Ryfylke, såleis i Vikedal, brende dei ~~[illegible]~~ olsok-bål (for nokre år sidan)

Ei gamal folgekone frå Øvers-heid kveikte [?] opp eld i fjøsel, i båsane, når ei kyr skulle bera.

Og det var det gamle her å kveikje eld på stølen for å skræme bjørnen, om kvelden

Jonsokveten vart kveikt når det tok til å skymast jonsok-aftan. Altså å seint på kvelden.

14104

Ein hadde visse stader ein brende jonsokvete: I Bråtvik brende dei på Festhamar. Lod på kokte ein kaffi (i sumartid då). Så var det på Efre-flåto, tett ved Festhamar, og då til å dansa, ofte til morgons. Spelemann var og med på gammen.

Det var helst berre ungdomar som brende jonsokke-veto. Dei gifte var sjeldan med. Det kunne einast vere dei nygifte. Det var gjenter og gutar i leik og moro. Og jonsokdagen var yrkedag og ifrå gamalt tid som 3. juledag og 3. paskedag var det. Ein fridag nærmast.

Etter me fekk ungdomslag var det ofte dei som stod for jonsokveten, og dansen og leiken etterpå. Såleis var det både i Suldal og Sand.

Nå er det mest borna som brenner vete.

Det var ofte gamle båtar ein tok til vete. Og dei stal ein. Og det var snaut nokon

14104
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2



som såg noko-gale i det. Skikken var såleis

Det galdt om å få veten til å blaffå kuest mogeleg. Eg ein tala om ellingrå, me kva kåre som hadde store veten — Bråtveit eller Nes.

Det var noko opflart dikkhansvarå og med ugrå mile-festinå. Gjentene hadde lefse med, og kake. Eg hadde høfe gutane ein dram å leg på, eller ei ølskål, så hadde dei kaffi med. Frå 1880-åra damma

14104

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING